

# UDYRET I TUNNELEN

Ei spenningsbok  
skriven av Silja Aldudóttir



nk, c  
way  
ey  
ed ca  
with  
ome  
'hef  
you  
ead  
, t  
ootpa  
oint,  
otb  
llis




# INNHOLD

I denne presentasjonen finn du

- førlesingsoppgåver på side 3-6
- medan-vi-les-oppgåver på side 7-8
- etterlesingsoppgåver på side 9 og 10
- skrive- og tekstsakningsoppdrag på side 11 og 12



# FØR LESING



## Bokframsida

### To og to saman

1. Studer bokomslaget, og prøv å skildre det du ser. Kva legg du merke til?
2. Kva slags fargar vert brukte i biletet på bokframsida? Kvifor er desse fargane brukte, trur du?
3. Om bokframsida hadde vore i pastellfargar, hadde du opplevd ho annleis? Korleis då?
4. På bokframsida ser vi eit innslag av fargar. Kva viser dei gule auga til, trur du?
5. Kvifor har dei som har laga bokframsida, valt å vise udyret på denne måten, trur du?

# FØR LESING

SILJA ALDUDÓTTIR

UDYRET  
TUNNELEN

Orkana


6. Kva trur du denne boka handlar om? Utfordring: Du har ikkje lov å bruke orda i tittelen når du skal kome med forslag til kva spenningsboka handlar om.
7. Kva tenkjer du på når du høyrer ordet «udyr»?
8. Kjenner du til andre forteljingar, anten i bokform, gjennom spel eller på film, som handlar om udyr?
9. Kvifor er forteljingar om og med udyr så populære for barn og ungdom, trur du?
10. **Teikneoppgåve:** Finn fram teiknesakene og teikn eit udyr slik du ser det i fantasien din. Heng opp teikningane i klasserommet, og studer kvarandre sine udyr. Korleis skil udyra seg frå kvarandre? Er det nokon udyr som er like?

# FØR LESING

## Leseoppdrag

To og to: Les utdraget høgt for kvarandre. Det er hen som har stått opp seinast i dag, som skal byrje å lese.

Det er noko stort som rører seg i den underjordiske elva under byen der Åsta bur. Kvar gong Åsta skal til trehytta si i skogen, går ho forbi jerngitteret der elva renn inn under byen. Ein dag ser ho brått eit par gule, store auge bak gitteret. Åsta føler at skapningen der inne ber ho om hjelp. Kanskje er det fordi ho sjølv har vore frozen ut av klassen og åleine på skulen, at ho kjenner medynk med den innesperra skapningen? Ho får med seg den nye besteveninna Lone for å undersøke.



# FØR LESING

## Samtaleoppdrag

- a) Kven er hovudpersonen i forteljinga vi no skal lese?
- b) Kva får du vite om hovudpersonen?
- c) Kva får du vite om udyret?
- d) Kva slags kopling er det mellom hovudpersonen og udyret?

Det er noko stort som rører seg i den underjordiske elva under byen der Åsta bur. Kvar gong Åsta skal til trehytta si i skogen, går ho forbi jerngitteret der elva renn inn under byen. Ein dag ser ho brått eit par gule, store auge bak gitteret. Åsta føler at skapningen der inne ber ho om hjelp. Kanskje er det fordi ho sjølv har vore frozen ut av klassen og åleine på skulen, at ho kjenner medynk med den innesperra skapningen? Ho får med seg den nye besteveninna Lone for å undersøke.



# MEDAN VI LES

**På side 59 gjer vi eit lesestopp etter setningane:**

«Der var han.

Ormen.

Ho hadde ikkje berre innbilt seg det. Ho stod attmed eit dyr som berre høyrde til i dei verste mareritta. Men han var verkeleg, verkelegare enn noko anna. Han levde, pusta, kveste. Akkurat her, akkurat no.»

## **Skrive- og presentasjonsoppdrag**

Bruk ti minutt til å skildre ormen så levande som mogleg. Målet med skildringa er at leseren skal klare å sjå ormen for seg. Bruk mange ulike adjektiv for å skildre korleis ormen ser ut, korleis han luktar og beveger seg.

Les skildringane opp for kvarandre før dokker les vidare i tekstuutdraget.



# MEDAN VI LES

## Fokus under lesinga

Legg ekstra godt merke til korleis ormen vert skildra. Skriv ned stikkord som du kan bruke som støtte under klassesamtalen.

# ETTER LESING

## Samtale- og teikneoppdrag

To og to saman, deretter klasesamtale.

1. Kva handlar dette tekstutdraget om?
2. Kva punkt i handlinga opplevde du som mest spennande, og kvifor?
3. Samarbeid om å teikne ei spenningskurve som viser korleis spenninga utvikla seg gjennom handlinga i teksten.
4. Kva gjorde at spenninga auka eller minka i handlinga?
5. Var det noko du vart overraska eller skuffa over i handlinga?
6. Om du skulle ha fortalt nokon andre om Åsta, korleis ville du ha beskrive ho?
7. Korleis blir ormen skildra i tekstutdraget? Ser han ut slik du hadde forventa, eller ikkje?
8. Over kva slags tidsrom utspeler handlinga i tekstutdraget seg?
9. Kvifor brukar forfattaren så lang tid på å fortelje det som skjer, trur du?

...cited the Great Blasket Island and fell in love with it.  
...village to rebuild the village after a holiday


# ETTER LESING

## Samtaleoppdrag

To og to saman, deretter klassesamtale.

10. Korleis oppførte Åsta seg mot ormen slik at han ikkje skulle bli sint?
11. Om du hadde møtt eit skummelt vesen eller dyr på tur i skogen, trur du at du hadde klart å halde deg roleg? Korleis trur du at ein av venane dine ville reagert på same situasjon?
12. Får vi ei slags forklaring på kvifor ormen er så hissig? Fortel.
13. Kva trur dokker har skjedd med ormen?
14. Vi har alle opplevd å få skrubbsår, kanskje til og med større sår. Desse sårer er lette å leggje merke til, fordi vi kan sjå dei. Av og til så høyrer vi om menneske som har usynlege sår. Kva trur du det betyr?
15. Kva slags spørsmål sit du att med etter å ha lese tekstuddraget? Er det noko du ønskjer svar på?
16. Kva trur du skjer vidare i spenningsboka? Korleis går det med ormen og Åsta?
17. Fekk du lyst til å lese vidare i *Udyret i tunnelen*? Kvifor / kvifor ikkje?

cited the Great Blasket Island and fell in love with it.  
he village to rebuild the village after a holiday




# SKRIVEOPPDRAG 1

Ei sentral scene i tekstdutdraget vi nettopp har lese, er når Åsta møter ormen. Forteljinga blir fortald frå Åsta sin synsvinkel, det betyr at vi får vite kva ho føler og tenkjer når ho møter ormen. Dette gjer at vi som lesarar kan leve oss inn i Åsta sine opplevevingar. Kva skjer med forteljinga om vi også får tilgang til ormen sine tankar og førelsar? **Du skal no fortelje om møtet mellom Åsta og ormen, men du skal skrive frå ormen sin synsvinkel.**

Her er nokre tenkjepunkt som kan hjelpe deg å kome i gang med skrivinga:

- Kva tenkjer og føler ormen når han ser Åsta nærme seg? Opplever han ho som eit skummelt trugsmål, eller berre som ein merkeleg skapning som gjer han nysgjerrig?
- Korleis opplever ormen måten Åsta oppfører seg på? Skremmer ho han, eller gjer oppførselen hennar ormen sint?



## SKRIVEOPPDRAG 2

**Du kan no velje mellom følgjande tekstsakningsoppgåver:**

1) Datagenererer biletar av forteljinga vi nettopp har fått opplese. Vel deg ut fire viktige punkt i historia som du vil skape illustrasjonar til gjennom å datagenererte biletar. Skriv ei kort forklaringstekst til kvart biletet. Lim biletene og forklaringsteksten inn i ein presentasjon. Spør læraren din om kva slags KI-program dokker har lov til å bruke på skulen dokkar.

Presenter historiene for kvarandre

2) Lag ein teikneserie av forteljinga vi nettopp har fått opplese. Teikneserien skal ha fire ruter, og i kvar rute skal det vere teikningar og tekstbobler. Tenk over kva slags fire punkt som du meiner er dei viktigaste i forteljinga. Prøv å få fram kva som skjer i handlinga, gjennom tydelege teikningar. La karakterane fortelje med snakkebobler.